

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) kunngjer:

## **Høyring av melding om ny 420 kV kraftleidning Fagrafjell–Bærheim og invitasjon til digitalt folkemøte**

NVE har motteke ei melding med forslag til utgreiingsprogram frå Statnett SF for ein ny 420 kV kraftleidning mellom Fagrafjell og Bærheim transformatorstasjonar i Rogaland fylke. Time, Klepp og Sola kommunar kan òg verte røyrd av leidningstraseane.

Meldinga med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no/7572/A](http://www.nve.no/7572/A).

Grunngjevinga for planane er å betre forsyningstryggleiken i Sør-Rogaland samt eit venta aukande kraftforbruk i regionen kommande år.

Statnett har utarbeida melding med forslag til utgreiingsprogram etter reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar og NVE sin rettleiar. Målet med meldinga er å gje ei tidleg varsling av tiltaket. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegget vert utarbeida.

NVE arrangerer digitalt folkemøte om saka tysdag 18. oktober kl. 19.00. Du kan finne informasjon om møtet på våre nettsider. Møtet er ope for alle.

**Alle som har meiningar om saka, kan gi uttale innan 17. november 2021.**

Nærare opplysingar om sakshandsaminga vert gjeven ved å kontakte NVE v/Torgrim Skogheim, tlf.: 22959486, e-post: [tsko@nve.no](mailto:tsko@nve.no)